

# Planprogram for kommunedelplan:

## Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030

Vedtatt av kommunestyret 22.9.2022 i PS 45/22



## Innhold

Føremål med planarbeidet .....	3
Bakgrunn for revideringa .....	3
Rammer .....	3
Nasjonale føringer/lovverk .....	4
Oppvekst .....	4
Grunnskule .....	4
Barnehage .....	5
Førebyggande tenester .....	5
Barnevern .....	5
Kultur .....	6
Regionale føringer .....	6
Stord kommune sine planar og dokument .....	6
Utgreiingar og vurderingstema .....	7
Prosess og involvering .....	7
Tidsplan .....	9
Aktuelle lenker og litteratur .....	10

Framsidefoto: Laila Gjøsæter

## Føremål med planarbeidet

Kommunen har ansvar for at alle barn og unge har eit godt og inkluderande barnehage- og skolemiljø som gir gode rammer for læring og utvikling. Kommunen har også ansvar for at tenestetilbodet til barn og unge med familiar er inkluderande, heilskapleg, samordna og koordinert. På ettermiddags-/kveldstid er kulturtild, fritidsarenaer og nærmiljø viktige for barn og unge sin trivsel og utvikling.

Gjennom stortingsmeldingar, lovendringar og ulike ordningar for kompetanseutvikling i oppvekstsektoren har kommunen fått tydelege føringar og forventningar til innhald i tenestene oppvekst og kultur, samt for korleis ein skal løysa oppgåvane. Regjeringa har også sett i gang ei tillitsreform i offentleg sektor der målet er å gi meir velferd og betre tenester til innbyggjarane. Samla sett kan føringar, forventingar og forbetring i oppvekstsektoren sjåast på som ei oppvekstreform. Arbeidet med ny kvalitetsplan for oppvekst og kultur og gjennomføringa av denne skal vera forankra i oppvekstreforma.

Planen skal omtala forventingar til kompetanseutvikling og tverrfagleg samarbeid. Vidare skal planen omtala tilsette i barnehage, skule, førebyggjande tenester, barnevern, kultur og fritid sine tiltak for eit best mogleg oppveksttilbod for barn og unge i Stord. Kommunen har også ansvar for alle delar av oppvekstmiljøet og skal i tillegg til betre samhandling på tvers av sektorar, også samhandla med aktørar utanfor kommuneorganisasjonen. Val av tiltak skal vera forankra i nasjonale føringar, i kommunen sine folkehelsemål og i kommuneplanen.

## Bakgrunn for revideringa

Kommunestyret vedtok den 25.11.21 i PS 47/2021 årsbudsjett 2022 at ein skulle setja i gong eit stort utviklingsarbeid knytt til oppvekst og samstundes revidera kommunedelplan for oppvekst og utdanning, Plan for kvalitetsutvikling 2014-2017 for oppvekstområdet.

Den nye kommunedelplanen «Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030» vil erstatta den gamle planen.

Visjonen for oppvekst, utdanning og kultur i Stord er «Alle me(d), heile vegen». Noko som mellom anna medfører at me skal leggja til rette for at alle barn og unge har eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø, og at dei kjenner seg inkluderte på alle arenaer der dei møtest, frå barnehage til vidaregående opplæring og i fritida.

Det er utarbeidd ein strategi for arbeidet med oppvekstreforma.

Kommunedelplanen er forankra i Stord kommune sin planstrategi, der det vart vedteke at kvalitetsplanen for oppvekst og kultur skal reviderast.

## Rammer

Etter plan- og bygningslova § 4-1 skal det lagast planprogram for alle kommuneplanar. Planprogrammet blir vedtatt av kommunestyret, jf. plan- og bygningslova § 11-13.

Planprogrammet skal skildra føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegget for medverknad, kva alternativ som vil bli vurdert og trangen for utgreiingar.

Dei ulike einingane i oppvekst og kultur har ulike lovkrav som skal verta følgde opp i arbeidet med kvalitetsutvikling. For å kunna gje det tenestetilbodet innbyggjarane har krav på, treng tenestene i kommunen relevant og framtidsretta kompetanse. Ein viktig del av det er å sjå dei ulike tenestene i samanheng og vurdera kva kompetanse dei ulike

tenestene har og treng for å løysa oppgåvene kommunen har. Dette gjeld både i den enkelte barnehage og ved den enkelte skule, men også på tvers av desse og andre tenester. Det er ikkje all kompetanse kvar eining kan, eller skal ha, men det er viktig å byggja rett og tilstrekkeleg kompetanse og samla kapasitet i kommunen. Det vert viktig å definera kva tenester alle barn og unge får og kva tenestetilbod nokre treng i tillegg. Å få rett teneste til rett tid vert ei viktig målsetjing for det tverrfaglege arbeidet framover. Då treng laget rundt barnet å ha god samhandlingskompetanse, kunnskap om kvarandre og ei god organisering av oppgåvene barnehage og skule skal få og tilbodet barn i barnehage og elevar i skulen skal få. Dei ulike lovverka med forskrifter er å rekna som nasjonale føringar for arbeidet med kvalitetsplanen.

Kommunale einingar som regulering/byggesak og tekniske tenester har også oppgåver som er retta mot barn og unge sitt oppvekstmiljø, til dømes har dei ansvar for opparbeiding av det fysiske miljøet. Merk at fysisk miljø vert handsama i eigne planar, til dømes i kommunedelplan for skuleanlegg. Kommunedelplanen til gjeldande planprogram skal handla om kvalitetsutvikling av innhaldet i tenestene i oppvekst og kultur.

## Nasjonale føringar/lovverk

### Oppvekst

#### **Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis**

Satsinga på kompetanse omfattar heile laget rundt barna og elevane, og skal bidra til at den spesialpedagogiske hjelpa er tett på dei barna som har behov for det. Samstundes skal oppgåvene til dei statlege spesialpedagogiske støttetenestene (Statped) bli tydelegare og meir spissa for barn med varige og omfattande behov.

Målgruppa er tilsette i barnehage og skule, barnehage- og skuleigarar, tilsette i PP-tenesta og andre tverrfaglege tenester i kommunane og fylkeskommunane.

### Barnevernsreforma/oppvekstreforma

Barnevernsreforma trådde i kraft 1.1.2022. Kommunane får no meir ansvar på barnevernsområdet. Reforma skal bidra til å styrka arbeid med førebygging og tidleg innsats. Det vert og i samband med denne endringa stilt krav til kommunen om ein plan som syner førebyggande arbeid og korleis ein løyser dette. Kommunestyret skal vedta planen for det førebyggande arbeidet, jamfør barnevernlova § 3-1, 2. ledd. Planen skal bidra til ei overordna forankring av det førebyggande tilbodet og fordelinga av kommunen sine ressursar til dette arbeidet. Planen er vidare meint å vera eit viktig verktøy for å sikra forpliktande og systematisk innsats for å legga til rette for heilsakplege tenester. Dette vert no teke med i kvalitetsplanen for oppvekst og kultur.

### Plan- og bygningslova

Lova gir føringar for planarbeid og prosessar.

### Folkehelselova

§ 7 i folkehelselova seier at kommunen skal setja i verk nødvendige tiltak for å møta kommunen sine folkehelseutfordringar.

### Grunnskule

### Opplæringslova

Lova gjeld grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring i offentlege skular og lærebedrifter dersom ikkje noko anna er særskilt fastsett.

Framlegg til ny opplæringslov har vore på høyring og regjeringa tek sikte på å legga fram eit lovforslag om ny opplæringslov og endringar i friskulelova for Stortinget våren 2023. Ny lov vil tidlegast tre i kraft skuleåret 2023–2024. Stord kommune sin kvalitetsplan for

oppvekst og kultur 2022-2030 vil sjølv sagt verta oppdatert i tråd med ny opplæringslov når denne er vedtatt.

Stord kommune skal følgja opp skulane sitt arbeid med skuleutvikling og skulebasert vurdering. I opplæringslova § 13-3e. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling, andre ledd, står det at

«Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga.»

Kommunen som skuleeigar har ansvar for å sjå til at den skulebaserte vurderinga vert gjennomført etter føresetnadane.

Sjølv gjennomføringa av Kvalitetsplan for oppvekst og kultur, i første omgang som utviklingsarbeid og vidare som del av skulen si drift, vil verta evaluert årleg i samband med plikta kommunen har til å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og i barnevernstenesta. Frå og med våren 2022 vil tilstandsrapporten for oppvekst og kultur i Stord verta kalla kvalitetsmelding.

### **Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20)**

Læreplanverket består av overordna del, fag- og timefordelinga og læreplanar i fag. Dette er forskrifter til opplæringslova og skal styra innhaldet i opplæringa.

### **Rammeplan for SFO**

Rammeplanen for skulefritidsordninga er ei forskrift til opplæringslova.

### **Barnehage**

#### **Barnehagelova**

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

#### **Rammeplan for barnehagen**

Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver er ei forskrift til barnehagelova.

### **Førebyggande tenester**

Førebyggande tenester jobbar etter fleire lovverk og nasjonale retningslinjer:

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.

Lov om barneverntenester

Lov om grunnskulen og den vidaregående opplæringa

Lov om barnehagar

Lov om kommunale krisesentertilbod

Nasjonal fagleg retningslinje for helsestasjon og skulehelsetenesta

Nasjonal fagleg retningslinje for barselomsorga

Veilederen i spesialpedagogisk hjelp

Nasjonal fagleg retningslinje for helsetenester til asylsøkarar, flyktningar og familiegjenforente

### **Barnevern**

#### **Barnevernlova**

Føremålet med denne lova er å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, og å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Kultur

### **Rammeplan for kulturskulen**

Kulturskulen er heimla i opplæringslova og arbeider etter rammeplanen «Mangfold og fordypning».

### **Folkebiblioteklova**

Folkebiblioteka skal ha til oppgåve å fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stilla bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Folkebiblioteka skal vera ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.

### **Kulturminnelova**

Kulturminnelova har til føremål å verna kulturminne og kulturmiljø både som del av vår kulturarv og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvalting.

### [Regionale føringer](#)

#### **Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)**

Stord kommune samarbeider med dei andre kommunane i Sunnhordland-regionen gjennom Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Kommunane søker om tilskot til kompetanseutvikling saman til ordningane Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage, Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskule og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

#### **Regional plan for folkehelse i Hordaland (2014-2025)**

Oppvekst og læring er eit eige tema i planen.

#### **Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025**

#### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024**

E-sport strategi

#### **Frivilligstrategi for Vestland 2021-2022**

#### **Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv** (planlagd ferdig i 2023)

### [Stord kommune sine planar og dokument](#)

Kommuneplan

Budsjett- og økonomiplan (årleg rullering)

Kommunedelplan for skuleanlegg

Strategi for ein inkluderande barnehage, skule og SFO

Metode- og arbeidsverktøyet Betre tverrfagleg innsats (BTI)

Prioriterte mål for folkehelsearbeidet i Stord 2020-2024

Folkehelseoversikt Stord 2020

Einingane i oppvekst og kultur sine handlingsplanar

Grunnskulane sine tiltaksplanar for kvalitetsutvikling

Strategi for arbeid med oppvekstreforhold i Stord

Frivilligstrategi

Kommunedelplan for kultur (under arbeid)

Bibliotekplan

Skulebibliotekplan

Språkplan for barnehage og for grunnskule

Digitaliseringsstrategi for barnehage og for grunnskule

Forvaltningsrevisjonen sin rapport om førebyggande arbeid for barn og unge i Stord

(ferdig i april 2022) Kvalitetsmelding for oppvekst og kultur (årleg rapport)

Strategi for brukarmedverknad i plan- og utviklingsarbeid

## Utgreiingar og vurderingstema

Utviklingsarbeidet har gjennom samhandling som mål:

- å gi barn/elevar godt læringsutbyte, kjensle av meistring og tilhørsle i eit inkluderande, godt og trygt barnehage-, skule- og SFO-miljø.
- å ha ei opplæring som gjennom organisering, tilrettelegging og gjennomføring medverkar til å nå dei måla som er fastsette i læreplanen.
- at hjelpe den enkelte får er verknadsfull og tilpassa dei behova vedkomande har.
- å bidra til tverrfagleg innsats og at laget rundt barnet og eleven har tilstrekkeleg kompetanse.
- å bidra til tidleg innsats, førebygging, rask og effektiv bruk av ressursar.
- å leggja til rette for at tenester og tiltak er tilgjengelege og rettferdig fordelt, til dømes ynskjer ungdomsrådet fokus på skulehelsetenesta/helsesjukepleiar-tilbodet i skulane.
- at rettstryggleiken til barn, elevar og familiar er godt ivareteke.
- at brukarane er involverte og har reell medverknad, i prosessar og med brukarrepresentantar i planarbeidet.
- at tenester og tiltak er samordna og prega av kontinuitet.
- å gjera overgangane mellom barnehage og skule og mellom dei ulike hovudtrinna i skulen betre.
- å sjå på korleis kultur og oppvekst kan stø opp om satsingar i kommuneplanen sin samfunnsdel gjennom tettare kopling mellom samfunnssdelen og dei kommunale tenestene innan kultur, idrett, oppvekst, folkehelse og frivillighet som er viktig for å skapa gode, levedyktige lokalsamfunn.
- å konkretisera korleis me skal arbeida med utjamning av sosiale helseskilnader og bidra til at barn og unge tek gode helseval.
- å konkretisera korleis me skal få til reduksjon av klimagassar.
- å synleggjera eksisterande tiltak og ressursar som er viktige å ta vare på og vidareutvikla.
- å styrka samhandlinga opp mot og på tvers av føresette og familiene, gjennom informasjonsarbeid, foreldrekonferansar og samhandling kring forventningar og kvalitetsutvikling i oppveksttenestene.
- Å sikra medverknad også frå barn og unge i planarbeidet.

Kvalitetsplanen skal greia ut og skildra korleis alle tilsette i oppvekst og kultur skal utvikla tenestene til beste for barn og unge gjennom tiltak som einingane og laget rundt barnet skal gjennomføra i profesjonsfaglege læringsfellesskap.

Det kan koma fleire punkt på lista med utgreiingar og vurderingstema i prosessen med å laga planen.

Prioriterte mål for folkehelsearbeidet i Stord 2020-2024 og mål i Stord sin kommuneplan skal ligga til grunn for tiltak.

## Prosess og involvering

Kommunedelplanen Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030 skal vera eit resultat av kommunen sitt overordna arbeid med oppvekstreforma. Vidare skal planen vera eit verktøy for vidare utviklingsarbeid. Det er utarbeidd eit overordna strategidokument kalla «Oppvekstreform» som er ein strategi for arbeid med Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, barnevernsreforma og Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030. Strategien seier noko om målet og kva me skal gje i

arbeidet knytt til oppvekstreforma. Kvalitetsplanen vil gjera greie for tiltak og gjennomføring av kvalitetsarbeidet i einingane i oppvekst og kultur.

Kvalitetsplanen skal ha med ei liste med ordforklaringer og sentrale omgrep, noko som kan bidra til auka felles forståing og betre samarbeid mellom einingane.

I tillegg til strategien for oppvekstreforma er det laga ein overordna handlingsplan, arbeidsgruppene er etablerte og det er laga eit oversiktskart over organisering. Desse dokumenta ligg som vedlegg til strategidokumentet.

Det er gjennomført ei kartlegging av kva kompetanse og tiltak me har i dag. I vidare arbeid vil me sjå på kva kompetanse kommunen har, kven som skal ha kva kompetanse og kva kompetanse og tiltak me treng for å nå dei ulike måla. Det skal også kartleggast korleis oppgåveløysinga skal organiserast og korleis tenestene til barn og unge skal samarbeida.

Prosessar der ein skal organisera, legga til rette for og gjennomføra utviklingsarbeid i tenestene og i organisasjonen, setja i verk ulike endringar, idear, program, aktivitetar i kvar eining vert sentrale satsingsområde når kvalitetsplanen er ferdig.

Arbeidet med kommunedelplanen er organisert med ei styrings-/prosjektgruppe for oppvekstreforma med kommunalsjef Mariann Jacobsen Hilt som prosjektansvarleg. Ressurspersonar vert organisert i tre arbeidsgrupper med ulike undergrupper; Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, barnevernsreforma og ei gruppe som utarbeider ein frivilligstrategi. Tillitsvalde frå Utdanningsforbundet, Fagforbundet og Fellesorganisasjonen er medlemmer i styringsgruppa. Leiargruppa i oppvekst og kultur er referansegruppe i arbeidet med kommunedelplanen.

Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030 skal utarbeidast som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1. Dette gjev krav om at offentlege organ som saka vedkjem og andre interesserte blir varsle om føremålet og viktige problemstillinger for planarbeidet etter lova § 11-12. Vidare skal oppstarten etter same føresegne bli kunngjort i minst éi avis som er alminneleg lesen på staden og gjennom elektroniske media. Det er krav om planprogram og høyring av planprogram etter § 11-13. Fristen for å gje merknad er minst seks veker frå kunngjering.

Oppstarten av denne planprosessen og framlegg til planprogram vil bli kunngjort i avis Sunnhordland og på kommunen sin nettstad.

Varsel om oppstart og høyring av planprogram vert sendt til følgjande instansar:

- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland fylkeskommune
- Grunnskulane i Stord
- Kommunale og private barnehagar i Stord
- Sunnhordland interkommunale barnevern (SIB)
- Eining for førebyggande tenester i Stord
- Eining for kultur i Stord
- Barnerepresentant Tove Vikanes Agdestein
- Høgskulen på Vestlandet, campus Stord (HVL)
- FOS-kommunane
- Tysnes kommune (høyrer til Pedagogisk-psykologisk teneste i Stord)
- Stord vidaregåande skule
- Fitjar vidaregåande skule
- Stord ungdomsråd
- Elevråd ved grunnskulane

- Samarbeidsutval barnehage og grunnskule i Stord
- Utdanningsforbundet
- Fagforbundet
- Fellesorganisasjonen
- Frivillige lag og organisasjoner i Stord

Framlegg til kommunedelplan Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030 skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn, bli kunngjort i minst éi avis som er alminneleg lesen på staden og gjerast tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Fristen for å koma med merknad skal vera minst seks veker. Framlegget til kommunedelplan vil gå til dei same organa som oppstartsmeldinga.

Det vil bli lagt opp til at skulane og barnehagane skal henta inn elevane og barnehagebarna sine meningar om kva som er viktig for dei og om framlegg til endringar i kvalitetsplanen for oppvekst og kultur.

## Tidsplan

19.04.2022: Vedtak i Utval for oppvekst og kultur om å leggja planprogram ut til offentleg høyring

01.06.2022:	Frist for merknadar
August 2022:	Handsaming av planprogram i utvalet
September 2022:	Vedtak av planprogram i kommunestyret
Vår 2023:	Førstegangshandsaming av kommunedelplan i Utval for oppvekst og kultur – utlegging til offentleg ettersyn
Haust 2023:	Handsaming av kommunedelplan i utvalet og i kommunestyret
2023-2024:	Setja i verk arbeid med kvalitetsplanen og tiltaka i einingane

## Aktuelle lenker og litteratur

Barne-, ungdoms- og familielid direktoratet. Om barnevernsreforma:

<https://ny.bufdir.no/barnevernsreformen>

Haug, Peder. 2014. Red. Nordahl, Thomas & Hansen, Ole. *Dette vet vi om INKLUDERING.* Gyldendal.

Regjeringa. Meld. St. 6 (2019–2020). Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

Statlig spesialpedagogisk tjeneste. Om Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis: <https://www.statped.no/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis/>

Statlig spesialpedagogisk tjeneste. Om inkludering: <https://www.statped.no/temaer/inkludering/hva-er-inkludering/>

Stord kommune sin økonomiplan. Om oppvekstreforma: [https://pub.framsikt.net/2022/stord1/bm-2022-%C3%A5rsbudsjett\\_2022\\_%C3%B8konomiplan\\_2022-2025/#/generic/summary/introduction/90fac833-9d23-47f5-be33-5730349e133c-cn](https://pub.framsikt.net/2022/stord1/bm-2022-%C3%A5rsbudsjett_2022_%C3%B8konomiplan_2022-2025/#/generic/summary/introduction/90fac833-9d23-47f5-be33-5730349e133c-cn)

Stord kommune sin strategi for ein inkluderande barnehage, skule og SFO: <https://www.stord.kommune.no/eit-inkluderande-barnehage-og-skulemiljoe.481275.nn.html>

Utdanningsdirektoratet. Tilskuddsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring/Rekom og Dekom: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokalkompetanseutvikling/tilskuddsordningene-for-lokal-kompetanseutvikling-i-barnehage-og-grunnopplaring/>

Utdanningsdirektoratet. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokalkompetanseutvikling/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis/>

Utdanningsdirektoratet. Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen: <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/?lang=nob>

Utdanningsdirektoratet. Kompetansepakker: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kompetansepakker/>